



Arkivnr: 2014/215-1

Saksbehandlar: Guro Klyve

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		30.01.2014

VOSS GYMNAS OG VOSS VIDAREGÅANDE SKULE. AVTALE OM BRUKSRETT TIL NY KUNSTGRASBANE VED SENTRALIDRETTSANLEGGET I PRESTEGARDSMOEN PÅ VOSS.

Samandrag

Voss gymnas og Voss vidaregåande skule har stort behov for bruk av fotballbane i undervisninga. Særleg gjeld dette for Voss gymnas, som har idrettslinje. Ein av idrettane som vert tilbydd er fotball, og Voss gymnas har Toppidrett fotball som Vg1, Vg2 og Vg3.

Fotballklubben Voss skal byggje ein ny kunstgrasbane i Prestegardsmoen på Voss, som skal etablerast på eksisterande grusbane på eigedomen gnr. 48 bnr. 138. Eigedomen er eigd av Voss kommune, og kommunen skal òg stå som eigar av kunstgrasbanen. Gjennomføringa av prosjektet skal skje i regi av Fotballklubben Voss, og fotballklubben skal ha drifts- og vedlikehaldsansvaret.

Dei vidaregåande skulane på Voss har i dag rett til bruk av grusbane i skuletida. Den vedlagte avtalen vil vidareføre denne bruksretten til den nye kunstgrasbanen, og kunstgrasbanen skal såleis kunne nyttast på skuledagar i tida mellom kl. 08.30 og 15.30.

Ut frå omfanget av bruksretten skal Hordaland fylkeskommune bidra med kr. 1 mill. i prosjektet, som vert dekt over investeringsbudsjettet for Nye Voss gymnas. I tillegg skal det betalast eit årleg vederlag som dekker fylkeskommunen sin andel av drifts- og vedlikeholdskostnadene, jf. pkt. 3 i avtalen.

Fylkesrådmannen rår til at til avtalen om bruksrett til ny kunstgrasbane vert godkjent.

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet godkjenner vedlagte avtale mellom Voss kommune og Hordaland fylkeskommune om bruksrett til ny kunstgrasbane ved Sentralidrettsanlegget i Prestegardsmoen i Voss kommune.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Johnny Stiansen
fylkesdirektør økonomi

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Avtale om bruksrett til ny kunstgrasbane

Fylkesrådmannen, 03.01.2014

Voss gymnas og Voss vidaregåande skule har stort behov for bruk av fotballbane i undervisninga. Særleg gjeld dette for Voss gymnas, som har idrettslinje. Idrettslinja har to parallelle klassar; elevane kan velje mellom breiddeidrett og toppidrett. Ein av idrettane som vert tilbydd er fotball, og skulen har Toppidrett fotball som Vg1, Vg2 og Vg3.

Fotballklubben Voss skal byggje ein ny kunstgrasbane i Prestegardsmoen på Voss. Kunstgrasbanen skal etablerast på eksisterande grusbane på eigedomen gnr. 48 bnr. 138, som er eigd av Voss kommune. Voss kommune skal stå som eigar av kunstgrasbanen, og banen skal inngå i Sentralidrettsanlegget i Prestegardsmoen. Gjennomføringa av prosjektet skal skje i regi av Fotballklubben Voss, og fotballklubben skal ha drifts- og vedlikehaldsansvaret.

Dei vidaregåande skulane har i dag rett til bruk av grusbanen i skuletida. Den vedlagte avtalen vil vidareføre denne bruksretten til den nye kunstgrasbanen, og kunstgrasbanen skal såleis kunne nyttast på skuledagar i tida mellom kl. 08.30 og 15.30. Det skal kvart år før skulestart leggast fram bruksoversikt/timeplan for bruk av banen gjennom skuleåret.

Totalramma for prosjektet er kr. 8,6 mill. Ut frå omfanget av bruksretten skal Hordaland fylkeskommune bidra med kr. 1 mill., som vert dekt over investeringsbudsjettet for Nye Voss gymnas. Dette gjev bruksrett i kunstgraset si levetid, som er berekna til ca. 10 år. Etter den tid skal Hordaland fylkeskommune, som vederlag for bruksretten, delta økonomisk ved større vedlikehald, som t.d. byte av dekke. Ei slik ny større investering må handsamast av Fylkesutvalet som ny sak.

Hordaland fylkeskommune skal betale eit årleg vederlag for sin andel av drifts- og vedlikeholdskostnadene, jf. pkt. 3 i avtalen. I berekninga av vederlaget er det teke omsyn til at skulane ikkje nyttar anlegget gjennom heile kalenderåret.

I forhandlingane med Voss kommune om avtale om bruksrett til ny kunstgrasbane har Hordaland fylkeskommune teke atterhald om politisk godkjenning.

Fylkesrådmannen rår til at avtalen om bruksrett til ny kunstgrasbane vert godkjent.